Møtepapir, årsmøte
Utdanningsforbundet Dovre
Trolltun 21. mars kl 1800

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

Innstilling til vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Vedtak: Godkjend.

1.2. Val av dirigentar

Innstilling til vedtak: Grethe Romsås og Ådne Evjen vert valde som dirigentar.

Vedtak: Godkjend.

1.3. Val av referentar

Innstilling til vedtak: Bente Sæther og Ådne Evjen vert valde som referentar.

Vedtak: Godkjend.

1.4. Val av protokollunderskrivarar

Innstilling til vedtak: Mette Eikeland og Stine Byre vert valde som protokollunderskrivarar.

Vedtak: Godkjend.

1.5. Sakliste

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling
1.2. Val av dirigentar
1.3. Val av referentar
1.4. Val av protokollunderskrivarar
1.5. Godkjenning av sakliste
1.6. Godkjenning av møtereglement
1.7. Godkjenning av valreglement

Sak 2 Behandle melding og rekneskap frå lokallagsstyret

Sak 3 Vedta retningslinjer for arbeidet i følgjande årsmøteperiode

Sak 4 Behandle budsjett

Sak 5 Behandle saker innmeldt frå medlemmar og klubbar innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

Sak 6 Val

6.1. Val av leiar i lokallagsstyret
6.2. Val av nestleiar i lokallagsstyret
6.3. Val av øvrige medlemmar til lokallagsstyret
6.5. Val av tre varamedlemmar til lokallagsstyret
6.5.1. Val av 1. vara
6.5.2. Val av 2. vara
6.5.3. Val av 3. vara
6.6. Val av valkomité

Sak 7 Evt. resolusjonar

Innstilling til vedtak: Sakslista vert godkjend

Vedtak: Godkjend.

1.6. Godkjenning av møtereglement

- Dirigentane / møteleiarar opnar og leier møtet.
- Årsmøtedeltakarar som ønskjer ordet, gjev melding om dette ved handsopprekking.
- Taletid er begrensa til tre minutt. Replikkar eit minutt. Saksinnleiarar og medlemmar frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.
- Dirigentar og delegatar kan kome med forslag om ytterligare begrensa taletid eller at strek settast. Slike forslag takast straks opp til avstemming.
- Årsmøtedeltakarar som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eit minutts taletid.
- Forslag i saker leverast av forslagsstillar.
- Alle forslag skal vere levert skriftleg og gjort kjent før strek settast.
- Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at strek er satt.
- Ved votering er forslaget som får flest stemmer vedtatt. Dersom forslag får likt antall stemmer, skal det foretas loddtrekning. Personvalg regulerast av valgreglementet.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjend.

Vedtak: Godkjend.

1.7. Godkjenning av valreglement

Generelt om val

Vala gjeld for to år med virkningsdato frå 1. august etter årsmøtet, så sant ikkje annan ordning blir vedtatt av årsmøtet forut for vala.

Alle val skal vere skriftlege. Møteleiaren kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open avstemming, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomiteen og ingen andre forslag ligg føre.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er fremma forslag på og som har sagt ja til å stille til val. Stemmesedlar som inneheld andre navn, blir forkasta.

Kandidatar som det er fremma forslag på, er:

- Forslag frå valkomiteen - styremedlemmar i alle val unntatt val av ny valkomité
- Forslag frå lokallagsstyret i val av ny valkomité
- Eventuelt kandidatar som det fremmast forslag på under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

Blank stemmeseddel blir rekna som gjeven stemme.

Gjennomføring av vala på årsmøtet

Vala gjennomførast i den rekkjefølgja som kjem fram i nummereringa nedanfor:

1. Val av lokallagsleiar

Leiaren blir vald først og ved særskilt val. Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er vald.

Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, skal det holdast nytt val mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir satt opp etter stemmetal. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lavast stemmetal ut. Nytt val blir gjort mellom dei kandidatane som står igjen. Dette prinsippet følgjast til berre to kandidatar står igjen. Ved omval mellom dei to gjenståande kandidatane, er den som har fått flest stemmer vald.

Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, trekkast det lodd mellom kandidatane.

2. Val av nestleiar i lokallaget

Her gjeld dei same valreglane som i punkt 1.

3. Val av hovudtillitsvald som styremedlem

Ein tillitsvald etter kommunal hovudavtale skal ha fast plass som styremedlem i lokallagsstyret på bakgrunn av at vedkomande er vald som tillitsvald etter hovudavtalen, jfr. § 16.5 og § 62.1.

Valkomiteen må innstille på kven som skal sitte i styret dersom det er fleire hovudtillitsvalde. Det vanlege er at det er den som er vald på første prioriterte plass.

4. Val av øvrige styremedlemmar

Her veljast det antal medlemmar av styret som står igjen etter val av leiar og nestleiar.

Ved val av øvrige medlemmar av lokallagsstyret skal stemmeseddelen innehalde namn på like mange personar som det antal styreplassar som er på val, jf. pkt. 4 i retningslinjene. Ut frå samansetninga av dei som ikkje er på val, dvs. kvinner/menn, leiarrepresentant og medlemsgrupper opplysast årsmøtet om kva slags samansetning som må og/eller bør ivaretakast for å oppfylle kvoteringsparagrafen.

Kvar stemmeseddel skal innehalde ei fordeling som tek i vare krava. Stemmesetlar som ikkje fyller krava, blir kasta.

Ved opptellinga rangerast kandidatane etter stemmetal, men likevel slik at kvinnelege kandidatar med lavare stemmetal går framfor om dette skal til for å oppnå ønska minimum andel kvinner (50 %).

5. Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

Det må veljast minst tre varamedlemmar i prioritert rekkjefølge.
Disse veljast fritt (uavhengig av medlemsgruppe) i særskilde val etter same reglar som for leiar (pkt. 1).

6. Val av valkomité

Jf. § 64.1:

Årsmøtet veljer ein valkomité med minimum tre medlemmar, samt varamedlemmar i prioritert rekkjefølgje. Valkomiteen er samansatt i samsvar med gjeldande kvoteringsreglar, jf. § 15. Valkomiteen konstituerar seg sjølv, eventuelt med eit arbeidsutval.

Lokallagsstyret fremmar forslag på antal medlemmar og varamedlemmar til ny valkomité for årsmøteperioden.

Valkomiteen veljast på same måte som medlemmar av lokallagsstyret. Varamedlemmar veljast på same måte som varamedlemmar av lokallagsstyret.

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjend.

Vedtak: Godkjend.

Sak 2 Behandle melding og rekneskap frå lokallagsstyret

Årsmelding

Lokallagsstyret

I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Grethe Romsås	Dovre barneskole	grunnskole	Leiar	2024-2026
Laila Svendsgard	Dombås barnehage	barnehage	Nestleiar	2023-2025
Styremedlemmar				
Grethe Romsås	Dovre barneskole	Grunnskole	HTV	2023-2025
Laila Svendsgard	Dombås barnehage	barnehage	Vara HTV	2024-2026
Hanne Mette Engen	Dovre barneskole	grunnskole	Styremedem	2023-2025
Mette Eikeland	Dombås barnehage	barnehage	Styremedlem	2024-2026
Ådne Evjen	Dovre barneskole	grunnskole	Styremedlem og kasserar	2023-2025
Bård Ove Øyen	Dombås VGS	VGS	Styremedlem	2023-2025
Vara styremedlemmar				
Stine Byre	Dovre barneskole	Grunnskole	1.vara	2024-2026
Anniken Sørum Nylèn	Dombås barnehage	barnehage	2.vara	2023-2025
			3.vara	

I tillegg har dei følgjande deltatt på styremøta med tale- og forslagsrett:
Bente Sæther – leiarrepresentant, 2023-2025
Asbjørn Amble – pensjonistkontakt 2024-2026

Styremøte
Vi har hatt 5 styremøter i 2024. Tema for møtene har vore: Informasjon frå kurs og møter, årsmøteplanlegging, TV1 kurs, høyringar, kommuneøkonomi, arbeid med KS debatthefte, lokale lønnsforhandlingar, medlemsarrangement, julebord, pensjonisttreff.

Arbeidsplasstillitsvalde i lokallaget
Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane i denne perioden.

Arbeidsplass	Namn	Verv	Periode
Dovre barnehage	Carina Lindsøe	ATV	2024-2026
Dombås barnehage	Laila Svendsgard	ATV	2024-2026
Dovre barneskole	Stine Byre	ATV	2024-2026
Dovre ungdomsskole	Arve Larsen	ATV	2024-2026
Dombås VGS	Bård Ove Øyen	ATV	2023-2025
Hjerleid	Anne Kristiansen	ATV	2024-2026

Utval, råd og fora
Lokallagsstyret har oppnemnt 1utval: forhandlingsdelegasjon.

Forhandlingsdelegasjon: Ådne Evjen, Laila Svendsgard, Grethe Romsås.
Vi har gjennomført lokale forhandlingar i kapittel 3, 4 og 5 i haust, med gode resultat. I tillegg har vi hatt særskilde drøftingar for å få opp pedagogisk leiartillegg og kontaktleiartillegg. Vi fekk dobla pedagogisk leiartillegg og auka kontaktlærartillegget med kr 11 000. Frå 01.01.25 har begge funksjonane eit årleg tillegg på kr 32 000.

Medlemmar
Utdanningsforbundet Dovre har per 01.01.25 103 medlemmar. Dette er ein oppgang på 2 medlemmar. Vi jobbar kontinuerleg med medlemsvekst, og ATV informerer alle nytilsette om Udf, og leverer ut informasjon/brosjyre til komande pensjonistar.

Prioriterte saker for Utdanningsforbundet Dovre i årsmøteperioden.
Prioriterte saker i årsmøteperioden har vore å jobbe for å behalde/auke stillingar i oppvekstsektoren, vere oppdaterte og arbeide opp mot administrasjon og politikarar, lære opp nye tillitsvalde, rekruttere og behalde medlemmar, ta vare på pensjonistmedlemmar og arrangere medlemsarrangement.

Utdanningsforbundet Innlandet har sendt oss saker som vi har jobba med: KS debatthefte, rapportering frå lokale lønnsforhandlingar, markering av barnehagedagen, høyringar og kurs.

Medlemsaktivitet
Medlemmane våre blir invitert til årsmøte, quiz, pensjonisttreff og julebord. Vi skal arrangere felles 6K medlemsmøte i februar: Fenriken.

Kurs og møter
Lokallaget har arrangert TV 1 kurs for to nye ATV. Pensjonistkontakt har arrangert julefrokost for pensjonistmedlemmane. Lokallaget har arrangert julebord og årsmøte.

Styremedlemmar og tillitsvalde har delteke på ulike kurs arrangert av Udf Innlandet: Lokallagskurs, Storkurs, Innlandsforum, Regionskurs, Kasserarkurs.

Kontor
Udf Dovre har for tida ikkje fast kontorplass, men lokallagsleiar er frikjøpt og tilgjengeleg fredagar. HTV er frikjøpt torsdagar.

Årsmelding frå hovudtillitsvalt:
HTV har delteke i AMU, Partssammensatt, leiarsamlingar, utlysing av stillingar, intervju og TV møter. Har vore på eit fylkesstyremøte. Eksempel på saker: Kompetansetillegg, funksjonstillegg, avvik, sjukefråvær, økonomi, budsjett, tørn prosjektet, lokale forhandlingar, revisjon av permisjonsreglementet.

Rekneskap:

Balanserapport for periode 202400-202413

3431 Utdanningsforbundet Dovre

			Noter	202400 -202413 Dette år	202300-202313 Forrige år
		EIENDELER			
Sum Anlegsmidler				**0**	**0**
	1501	Andre fordringer	1	1 272	0
	1560	Fordring sentral organisasjonsdrift	2	-44 473	-21 944
Sum Fordringer				**-43 201**	**-21 944**
Sum Investeringer				**0**	**0**
	1920	Driftskonto 1		76 120	41 612
Sum Bankinnskudd				**76 120**	**41 612**
Sum Eiendeler				**32 919**	**19 668**
		EGENKAPITAL OG GJELD			
		Periodens resultat		0	0
	2050	Fri egenkapital		-14 669	3 993
	2052	Årets resultat		-11 650	-18 662
Sum Egenkapital			3	**-26 319**	**-14 669**
	2402	Leverandører fylkes/lokallag drift	4	-668	-3 151
	2980	Avsetninger forpliktelser/periodisert gjeld	5	-5 932	-1 849
Sum Gjeld				**-6 600**	**-4 999**
Sum Egenkapital og Gjeld				**-32 919**	**-19 668**
Differanse				**0**	**0**

Dato

bankID

Grethe Haugland Romsås

bankID

Stine Byre
vara for Laila Svendsgard

bankID

Hanne Mette Engen

bankID

Bård Ove Øyen

bankID

Ådne Evjen

bankID

Mette Eikeland

Utdanningsforbundet
Noter til regnskapet 31.12.2024
3431 Dovre

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk. Det er utarbeidet etter norske regnskapsstandarder og Utdanningsforbundet sine retningslinjer.

Hovedregel for inntektsføring.
Kontingenter inntektsføres ved opptjening.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld.
Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler.
Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er uansett klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriterier lagt til grunn.
Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.
Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etablerertidspunktet.

	Fordringer			
Konto 1501	Andre Fordringer			
	Korrigering av bilag 11241018. Dobbelt betalt faktura fra Moskusgrillen.		kr	1 272,00
		Note 1	kr	1 272,00
Konto 1560	Fordringer sentral organisasjonsdrift			
	Mellomværende UDF sentralt reiseregninger/lønn 2024	Note 2	-kr	44 472,75
	Egenkapital			
Konto 2050	Egenkapital pr. 01.01.2024		-kr	14 669,00
Konto 2052	Årets resultat		-kr	11 649,60
		Note 3	-kr	26 318,60
	Gjeld			
Konto 2402	Leverandør gjeld			
	Frichs Conditori AS, Bevertning til klubben på Dombås VGS før jul			-668,00
		Note 4	-kr	668,00
Konto 2980	Avsetninger forpliktelser/periodisert gjeld			
	Trolltun AS, Julefrokost for pensjonistene 20.12.24.		-kr	2 890,00
	Jetta Kafeteria, Juleavslutning for Dovre barneskole 16.12.24		-kr	2 004,76
	Coop, Kiwi og Frichs, Utlegg bevertning pensjonisttreff 20.02.24		-kr	408,50
	Vinmonopolet, Utlegg eplemost i gave til klubben på Hjereid		-kr	629,10
		Note 5	-kr	5 932,36

05.02.2025

Resultatrapport tom periode: 202413

3431 Utdanningsforbundet Dovre

	RESULTAT	202400 - 202413 Regnskap HiÅ	202400 - 202413 Budsjett HiÅ	Avvik i kroner	Avvik i prosent	202300 - 202313 Regnskap forrige år
	INNTEKTER					
3290	Kontingentinntekter FY/LOK	-108 103	-111 000	-2 897	3 %	-104 439
3990	Refusjon SPK-midler	-1 815	0	1 815	0 %	-1 839
	Sum Driftsinntekter	-109 918	-111 000	-1 082	1 %	-106 278
	KOSTNADER					
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	18 500	20 000	1 500	8 %	13 500
5231	Trekkpl. reise	0	0	0	0 %	393
5239	Telefondekn.i form av lønnsytelse	1 000	1 000	0	0 %	1 000
5400	Arbeidsgiveravgift	2 750	4 000	1 251	31 %	2 108
	Sum Lønnskostnader	22 250	25 000	2 751	11 %	17 002
6740	Frikjøp tillitsvalgte e. avtale	21 028	20 000	-1 028	-5 %	24 729
6780	Honorar uten oppg.plikt	0	10 000	10 000	100 %	0
6800	Data- og kontorrekvisita	1 038	1 000	-38	-4 %	2 468
6940	Portokostnader, postboksleie	450	500	50	10 %	536
	Sum kontorhold mm	22 516	31 500	8 984	29 %	27 733
7110	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftsfri	0	2 000	2 000	100 %	392
7111	Passasjertillegg	0	0	0	0 %	62
7112	Bilgodtgjøring - trekk- og avgiftspliktig	0	0	0	0 %	59
7143	Andre reiseutgifter	147	0	-147	0 %	-1 627
7162	Diett med overnatting	0	0	0	0 %	720
7171	Bevertning ved møter	5 541	4 000	-1 541	-39 %	3 457
7190	Andre kurs/møte kostnader	42 174	39 000	-3 174	-8 %	37 390
7321	Profileringsmateriell	851	1 500	649	43 %	0
7422	Representasjon, gaver	4 745	3 000	-1 745	-58 %	2 379
	Sum reise mm	53 458	49 500	-3 958	-8 %	42 832
	DRIFTSRESULTAT	-11 695	-5 000	6 695	-134 %	-18 712
	FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER					
8171	Bankgebyr	46	0	-46	0 %	50,5
8173	Smådifferanser, diverse	0	0	0	0 %	0
	Sum Finansposter	46	0	-46	0 %	51
	Årsresultat	-11 650	-5 000	6 650	-133 %	-18 662
	OVERFØRINGER					
8962	Dispon. årsresult fri egenkapital	11 650	0			18 662
	Sum overføringer	11 650	0			18 662

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet tar lokallagsstyret si melding til orientering. Årsmøtet godkjenner rekneskapen.

Vedtak: Rekneskap godkjend.

Sak 3 Vedtak retningslinjer for arbeidet i påfølgjande årsmøteperiode

LOKALLAGSSTYRETS OPPGÅVER, HENTA FRÅ UTDANNINGSFORBUNDETS VEDTEKTER

Lokallagsstyret skal:

62.1 Lede den politiske virksomheten i lokallaget i årsmøteperioden.

62.2 Utarbeide budsjett.

62.3 Disponere lokallagets midler innenfor rammen av vedtekter og vedtak i overordnede organer.

62.4 Hvert år legge fram for fylkesstyret årsmelding og regnskap. Regnskapet skal være revidert av offentlig godkjent revisor.

62.5 Innkalle til og forberede saker med innstilling til årsmøter og valgmøter.

62.6 Behandle forslag og henvendelser fra medlemmer, klubber og rådgivende organer, samt henvendelser fra overordnede ledd.

62.7 Oppnevne medlemmer til eventuelle utvalg, råd og fora under lokallagsstyret.

62.8 Bistå fylkesstyret i opplæring av egne tillitsvalgte innenfor lokallaget.

Møteplasser

Styrene på lokallags- og fylkesnivået er ansvarlige for at det etableres møteplasser mellom hovedtillitsvalgte og arbeidsplasstillitsvalgte og medlemmer innenfor samme virksomhet.

Styrene er også ansvarlige for at det etableres møteplasser mellom ledermedlemmer og tillitsvalgte etter hovedavtalene innenfor samme virksomhet.

Generelt

Hovedtillitsvalgte koordinerer og bistår de arbeidsplasstillitsvalgte i deres arbeid, og representerer dem og medlemmene overfor øverste arbeidsgivernivå (for eksempel kommune/fylkeskommune sentralt, konsernledelse, helseforetak med

mer) i samsvar med oppgaver, rettigheter og plikter fastsatt i den aktuelle hovedavtale.

Mål for lokallaget:

- Ivareta/behalde medlemmar.
- Vere synlege/profilere oss.
- Rekruttere nye medlemmar.
- Ha tiltak for små medlemsgrupper.
- Ta vare på pensjonistmedlemmar.
- Ha levande klubbar.
- Lære opp nye tillitsvalde.
- Jobbe for å behalde/auke stillingar og ressursar i oppvekstsektoren.
- Lokallagsstyret skal halde seg oppdaterte og arbeide opp mot administrasjon og politikarar.
    - Invitere til samtalar med politikarar.
- Jobbe for fagleg utvikling og arrangere kurs/medlemsarrangement.
- Ha diskusjonar om lærar si rolle og ansvarsavklaring.

Innstilling til vedtak: Retningslinjer for komande årsmøteperiode vert godkjend.

Vedtak: Retningsliner godkjend.

Sak 4 Behandle budsjett

Budsjettmal

Foreløpig budsjett for Utdanningsforbundet Dovre **År 2025**

Konto	*Beskrivelse*	*Beløp*		
3290	Kontingentrefusjon (inntekt skrives alltid som minus beløp)	-kr	111 000,00	
	Sum inntekter	**-kr**	**111 000,00**	
5010	Fast lønn			
5017	Møtegodtgjøring uten feriepenger	kr	20 000,00	
5090	Påløpne feriepenger			
5239	Telefondekning i form av lønnsytelse	kr	1 000,00	
5315	Honorara uten feriepenger			
5400	Arbeidsgiveravgift	kr	3 000,00	1000 kr mindre
5403	Arb.g.avg. påløpne feriepenger			enn i fjor
	Lønn, frikjøp, honorarer, arbeidsreise m.m.	**kr**	**24 000,00**	
6301	Leie kontorlokaler			
6340	Lys, varme			
6360	Renhold			
6380	Kontorforsikring			
6390	Andre kostnader lokaler			
6540	Inventar, innkjøp			
6550	Kontorteknisk utstyr/Datautstyr			
6615	Vedlikehold innredninger			
6625	Service kontormaskiner			
6630	Service/lisenser IKT			
6780	Honorar uten oppgaveplikt	kr	10 000,00	Til Fenriken
6781	Honorar næringsdrivende oppgaveplikt			
6740	Frikjøp tillitsvalgte e.avtale	kr	21 000,00	1000 kr mer
6800	Data- og kontorrekvisita	kr	2 000,00	1000 kr mer
6820	Trykksaker			
6840	Aviser og abonnementer kontoret			
6841	Fagliteratur			
6900	Telefon			
6910	Lisenskostnader IKT			
6940	Portokostnader, postboksleie	kr	-	500 kr mindre
	Kontordrift, utstyr m.m.	**kr**	**33 000,00**	
7110	Bilgodtgjørelse, trekk og avg.fri	kr	2 000,00	
7111	Passasjertillegg			
7112	Bilgodtgjørelse, trekk og avg.pliktig			
7142	Flybiletter			
7143	Andre reiseutgifter			
7144	Hotell			
7170	Leie kurslokale/møterom			
7171	Bevertning ved møter	kr	6 000,00	2000 meir
7190	Andre kurs/møte kostnader	kr	39 000,00	
7320	Annonser markedsføring			
7321	Profileringsmateriell	kr	2 000,00	500 meir
7422	Representasjon, gaver	kr	5 000,00	2000 meir
7790	Streikekostnader			
8961	Avsetning periodiserte kostnader (2 årig årsmøte)			
	Kurs, møter, reiser, profilering m.m.	**kr**	**54 000,00**	
8040	Renteinntekter bank (inntekt skrives alltid som minus beløp)			
8171	#REF!			
	Finansinntekter og finanskostnader	**kr**	-	

Inntekter	**-kr**	**111 000,00**
Kostnader	**kr**	**111 000,00**
Resultet	**kr**	-

(minusbeløp er budsjett i overskudd)

Innstilling til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet

Vedtak: Budsjett godkjent.

Sak 5 Behandle saker innmeldt frå medlemmar og klubbar innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

Ingen saker

Sak 6 Val

Valkomitéen har bestått av:

Grethe Skaug Torsteingard, Dovre ungdomsskole
Marte Killi, Dovre barnehage
Bård Ove Øyen, Dombås VGS
Erik Vadet, Dovre barneskole

Under er ei oversikt over endeleg samansetjing av hovudtillitsvald og nytt lokallagsstyre med varamedlemmar i samsvar med valkomitéens innstilling. Kandidatar som er på val på dette årsmøtet, er merka med gult. Dei som ikkje er markert med gult er ikkje på val i år.

Hovudtillitsvalde:

HTV: Grethe Romsås, Dovre barneskole (vald før årsmøtet, HTV går inn i lokallagsstyret)
Vara HTV: Laila Svendsgard, Dombås barnehage

Lokallagsstyret:

Lokallagsleiar:	Grethe Romsås, Dovre barneskole
Nestleiar:	Laila Svendsgard, Dombås barnehage
Hovudtillitsvald:	Grethe Romsås, Dovre barneskole
Styremedlem:	Hanne Mette Engen, Dovre barneskole
Styremedlem:	Mette Eikeland, Dombås barnehage
Styremedlem:	Ådne Evjen, Dovre barneskole
Styremedlem:	Bård Ove Øyen, Dombås VGS
Styremedlem:	Bente Sæther, Dovre barneskole, lederrepr.
1. vara styremedlem:	Stine Byre, Dovre barneskole

2. vara styremedlem:	Anniken Nylèn, Dombås barnehage
3. vara styremedlem:	Skal velges
Pensjonistkontakt:	Asbjørn Amble

6.1. Val av leiar i lokallagsstyret

Valkomitéens innstilling til vedtak: ikkje på val

6.2. Val av nestleiar i lokallagsstyret

Valkomitéens innstilling til vedtak: Laila Svendsgard, Dombås barnehage

Vedtak: Godkjend.

6.3. Val av andre medlemmar til lokallagsstyret:

Valkomitéens innstilling til vedtak:

Styremedlemmar: Hanne Mette Engen, Dovre barneskole
Ådne Evjen, Dovre barneskole
Jørn Brekken, Dovre ungdomsskole
Bente Sæther, Dovre barneskole, lederrepr

Vedtak: Godkjend.

6.4. Val av varamedlemmar til lokallagsstyret:

Valkomitéens innstilling til vedtak:

1. varamedlem: ikkje på val
2. varamedlem: Anniken Nylèn, Dombås barnehage
3. varamedlem: Vilde Sillibakken, Dovre barnehage

Vedtak: Godkjend.

6.5. Val av valkomité i Utdanningsforbundet Dovre for komande årsmøteperiode

Lokallagsstyrets innstilling til vedtak:

Medlemmar: Marte Killi, Dovre barnehage

Linda Haugen, Dovre barneskole

Arve Larsen, Dovre ungdomsskole

Vedtak: Godkjend.

Sak 8 Evt. resolusjonar

Eventuelle forslag til resolusjonar må leggast fram skriftleg og bli vedteke på årsmøtet.

Ingen forslag til resolusjonar er kome inn.

Kvelden vidare:

-Hovedtillitsvalgt UNIO/Udf Innlandet fylkeskommune Tore Hølmo held eit innlegg med saker fra fylket.

-Avslutning ved lokallagsleiar.

-Pål Atle Fagerli held foredrag frå sin fantastiske tur til Canada.

Referenter: Bente Sæther og Ådne Evjen

Underskrifter:

Mette Eikeland, Stine Byre

Mette Eikeland **Stine Byre**